



Vibeke Eikehaug
Krossneset 28
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/10161 - 21/83482

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
09.12.2021

Svar på førespurnad - gbnr 1/66 Flatøy

Vi viser til mottatt førespurnad datert 01.12.2021 med vedlagte teikningar.

Ved innsending av søknad om tilbygg må det leggjast ved plan-, snitt- og fasadeteikningar av tiltaket. Teikningane skal vera i målestokk og det må gå tydeleg fram av teikningane kva som er eksisterande tiltak og kva som er nytt.

Mottatt planteikning kan med fordel vera litt meir detaljert. Tjukkleik på vegg, plassering av vindauga og tydeleg markering av kva som er nytt bør gå fram av teikninga. Det må også leggjast ved snitt som viser innvendig høgde m.m. Terrenglinjer, både eksisterande og nytt terreng, bør førast på fasadeteikningane. Tiltaket må i tillegg teiknast inn på eit kart og målsetjast med ytre hovudmål, avstand til nabogrense m.m.

Tiltakshavar kan sjølv søkja om å føra opp tilbygg inntil 50 m². Søknadsskjema følgjer vedlagt. Søknadsskjemaet og nabovarselskjema finn du elles her: [Søknadsskjemaer for byggesak - Direktoratet for byggkvalitet \(dibk.no\)](#). Sjå fana for tiltak utan ansvar.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
Søknadsskjema utan ansvar

Mottakarar:

Vibeke Eikehaug

Krossneset 28

5918

FREKHAUG

